



## Statens vegvesen

Vågsøy kommune  
Postboks 294  
6701 MÅLØY

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Ole Martin Lilleby - 57724056

Vår referanse:  
2014/015040-002

Dykkar referanse:  
14/1481

Vår dato:  
18.03.2014

### Fv. 623 Søknad om overtagelse av gatelys - Vågsøy kommune

Syner til brev 5.2.2014.

Det er ønske om at Statens vegvesen skal overta driftsansvaret for gatelysa frå kryss rv.15/fv.623 (Deknepollkrysset) og nordover til industriområde på Trollebø. Som nemnt på møtet 13.11.2013 så er det Sogn og Fjordane fylkeskommune som overtok store deler av vegnettet i 2010, og som nå forvaltar dette.

I Regional Transportplan (RTP) vedteken av fylkestinget i desember 2013 er det gjeve nokre forutsetningar for at fylkeskommunen tar over driftsansvaret:

- *Nybygde anlegg finansiert av fylkeskommunen, med grunnlag i krav i vegnormalane, skal driftast som fylkesveganlegg.*
- *Dersom kommunar eller andre søker om at fylkeskommunen skal overta driftsansvar for eller yte driftstilskot til etablerte lysanlegg, må desse tilfredsstillе skal-krava i vegnormalane, samt tekniske krav til belysning og utstyr.*
- *Eksisterande lysanlegg som ikkje er grunngjeve i skal-krav, vil også i framtida vera kommunane/andre sitt ansvar.*

Før forvaltningsreforma i 2010 hadde vi ansvar for lys og elektro i tunnelar på fylkesvegane, og ikkje for veglysanlegg utanom. Det var altså andre forutsentningar som låg til grunn da lysanlegget langs fv.623 var bygd i 2005.

Med grunnlag i dei føringar som Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedtekne kan vi ikkje ta over driftsansvaret før krava i RTP er innfridd.

Vegavdeling Sogn og Fjordane  
Med helsing

Vigdis Lobenz  
seksjonsleiar

Ole Martin Lilleby

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Sanderplassen 6  
6800 FØRDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

